

Ungdommens kulturmønstring i Hordaland

Vi vil takke Sparebankstiftelsen SR-Bank for førespurnaden om samarbeid knytt til Ungdommens kulturmønstring i Hordaland.

Gjennom 30 år har Ungdommens Kulturmønstring (UKM) utvikla seg til å bli det som i dag ses som ei av dei tre viktigaste offentlege satsingane på barne- og ungdomskultur, saman med kulturskulane og det omfattande programmet for kunst- og kulturformidling til skulen. UKM Hordaland er godt forankra, og Hordaland fylkeskommune har hatt ansvar for gjennomføring av den årlege fylkesmønstringa.

Det er ei målsetjing å styrkje UKM Hordaland som ein unik heilskapsoppleving for alle deltakarane. Vi vil at alle deltakarane sit igjen med ei kjensle av å ha vore med på noko veldig kjekt under fylkesmønstringa, lært noko nytt, fått vist seg fram, blitt kjent med andre som liker det same som ein sjølv og fått nye vener. Deltakarane skal føle at dei er verdsett og inkludert og at dei høyrer heime på ein slik fin samlingsstad.

Fylkesmønstringa 2015

Fylkesmønstringa i Hordaland 2015 vil markere mykje nytt. Arena er endra frå Grieghallen til USF Verftet og vert arrangert 18. og 19. april. Arbeidet med workshops er ei nysatsing for denne fylkesmønstringa, eit arbeid vi ønskjer å oppretthalde for åra framover. Deltakarane får høve å delta på workshops innan kategoriane dans, musikk, unge arrangørar, unge konferansierar og kunst i tidsrommet 11:00 – 14:00 (skildring av workshops er lagt ved). I tillegg har vi ein eigen workshop for dei som skal jobbe som fotografar i nettredaksjonen. Ein fotograf vil lære dei korleis å ta gode festivalbileter og korleis arbeide med dei på pc i etterkant. Ved at lokala Røkeriet, Sardinien, Dansesalen, Møterom og USF Blackbox vert nytta til desse, i tillegg til arealet utanfor bygget, vil heile USF verte nytta til fylkesmønstringa.

Offisiell opning av mønstringa er lagt til laurdag kl.15:00. Kvar framsyning vil vere i Røkeriet med ei varigheit på 50 minutt, etterfylgt av 10 minuttars pause. Kunstutstillinga vert opna i Sardinien laurdag kl.17:00, etterfylgt av sceneinnslag i Røkeriet frå kl.18:00. Sundag startar det kl.11:00 i Røkeriet og siste sceneinnslag vert vist nærmare kl.19:00. Pausane vi legg inn skal fungere som gode møtepunkt.

For fyrste gong vil alle deltakarane få tilbod om overnatting frå laurdag til sundag. Overnattinga vil finne stad i Nordneshallen som ligg i sju minuttars gange frå USF. Her vil deltakarane og leiarane få kveldsmat og frukost (dei andre måltidene vert servert på USF). Tre regionale representantar i URG (Finnmark, Vestfold og Nord-Trøndelag) vil vitje fylkesmønstringa i Hordaland. Desse ungdommane vil saman med UKM Hordaland sin representant i URG arrangere fleire sosiale arrangement i Nordneshallen laurdag kveld, m.a. nattkino og diverse leikar.

Fylkeskontakt for UKM Hordaland frå hausten 2014 er Marianne Ose Askvik, spesialrådgjevar ved Kultur- og idrettsavdelinga i Hordaland fylkeskommune. Fylkeskontakten fungerer som mellomledd og

informasjonskanal mellom UKM nasjonalt, UKM regionalt og UKM lokalt. Dette inneber også jamleg dialog med Hordaland sin representant i ungdommens referansegruppe (URG). URG (etablert i 2009 av UKM Norge) er ei gruppe ungdommar som gjennom heile året jobbar mot eit betre UKM for deltakarane både lokalt, regionalt og nasjonalt. Dei reiser rundt på kommune- og fylkesmønstringar for å m.a. høyre kva deltakarane har av innspel og idear og jobbar vidare med iverksetting av desse. Det er viktig for Hordaland fylkeskommune at ungdommar er med i arbeidet om å førebu og arrangere fylkesmønstringa. Fylkeskontakt har difor jamlege møter med URG-representanten i Hordaland, Unge Arrangørar og Ambassadørar om innspel til førebuingssfasen av fylkesmønstringa. Under fylkesmønstringa 2015 vil dei ha fleire praktiske oppgåver (som dei sjølv ønskjer) som vil gjere dette til eit arrangement både av og for ungdom.

Teknisk arrangør for UKM fylkesmønstringa i Hordaland 2015 er AKKS Bergen. AKKS har lang erfaring og høg arrangørkompetanse og har gjennom fleire år markert seg som ein arrangør med ungdom som målgruppe. Dei har kontor på USF Verftet og driv fem øvings- og kurslokalar. Sidan 2001 har AKKS arrangert Eggstockfestivalen, ein rockefestival for unge og uetablerte band i Hordaland. I 2013 starta AKKS opp ein ny konsertserie for og av ungdom med namnet «UFLAKKS». Konsertserien har fri aldersgrense og vert arrangert av ei gruppe på 11 ungdommar med ei stor interesse for musikk som ønskjer å lære korleis ein arrangerer konsertar. Arrangørgruppa vert administrert av AKKS Bergen og organisasjonen sin arrangementsansvarlege har hovudansvaret for opplæring av ungdommane innan marknadsføring, økonomi, booking, produksjon, og har i tillegg ansvaret for heile gjennomføringa av konsertane. AKKS Bergen har unik kompetanse for at fylkesmønstringa til UKM Hordaland vert gjennomført som eit godt arrangement.

Samarbeid med Sparebankstiftelsen SR-Bank

Eit samarbeid med Sparebankstiftelsen SR-Bank vil gjere det mogleg å tilby workshops igjen under fylkesmønstringa 2016, og samtidig tilby endå fleire workshops. I år har vi ikkje moglegheit å tilby workshop innan kategoriane teater, litteratur, film, og nettredaksjon, men har ønskjer om å tilby workshops der alle deltakarane har høve å melde seg på innan kategorien dei deltek i. Det vil vidare vere mogleg å tilby større sosiale aktivitetar på kveldstid, som ungdommane sjølv arrangerer. Hordaland fylkeskommune har for fylkesmønstringa 2015 til saman fått tildelt 30 000 kroner i stimuleringsmidlar frå UKM Norge i arbeidet med workshop og sosiale arrangement knytt til overnattinga i Nordneshallen. Fordi dette er pilotarbeid for 2015, vil det ikkje vere mogleg å søkje til det same for 2016 då det frå dette året vil reknast som del av drift.

For fylkesmønstringa 2016 er det eit ønskje å tilby deltakarane moglegheita om å spele med eit profesjonelt husband. Vi opplever at mange deltakarar står aleine med playback og vil styrke deira oppleving på scena ved å tilby dei eit band å spele med. Denne moglegheita vil vi opne for både dei som spelar i band, og dei som opptre aleine på scena. Å kunne spele i lag med profesjonelle musikarar meiner vi vil gi ein endå betre oppleving for musikkdeltakarane.

Som det vart nemnt i telefonsamtalen er tilbudet frå Dykk av særleg interesse for oss fordi Sparebankstiftelsen SR-Bank er ein mild gåvegivar utan gjenytelse. Samla sett vil eit samarbeid mellom Hordaland fylkeskommune og Sparebankstiftelsen SR-Bank vere med og løfte UKM Hordaland til å bli ei innhaldsrik festival for ungdommane i fylket.